

## REGULERINGSVEDTEKTER.

### REGULERINGSPLAN FOR DELER AV ØKLAND YTRE GNR. 36 I SVEIO KOMMUNE.

#### 1. GENERELT.

§ 1 Innafor det regulerte området skal arealbruken vera som vist på reguleringskartet. Tegning nr. 98.101.01.

Arealet er regulert som følgjer:

BYGGJEOMRÅDER.  
TRAFIKKOMRÅDER.  
FELLESOMRÅDER.

#### 2. BYGGJEOMRÅDER.

§ 2 I byggjeområdet kan det berre førast opp hytter og naust.

§ 3 Hytteområdene er avmerka på kartet og skal kunna fråskiljast med eige bruksnummer. Hyttene kan berre førast opp i ein etasje og med ei grunnflate på maks 90 m<sup>2</sup>. Hyttene skal ha saltak.

§ 4 I området merka naust/båtopplagsplass kan det byggjast naust med tilhøyrande anlegg. Nausta skal oppførast i ein etasje og kan ikkje innreiast til hytte- eller bustadføremål. Nausta skal ha saltaksform. Naustområdet på neset mot sør er tenkt som fellesnaust. Dette naustet kan etter søknad byggjast i 1 ½ etasje. Tiltak i sjø som fell inn under havne- og farvasslova skal godkjennast av Kystverket.

#### 3. TRAFIKKOMRÅDER.

§ 5 Terrenget innanfor siktlinjene skal til ei kvar tid vera ryddige for hindingar høgare enn 0,5 m over kjørebanelen

#### 4. FELLESOMRÅDER.

§ 6 Områdene skal liggja ubebygde. Fellesområdet er felles for eigarane av gnr. 36, bnr. 17, 27, 100, 153, 238, 239 og hyttetomter som vert frådelte gnr. 36, bnr. 17.

Terrenget innafor siktlinjene til veg skal til ei kvar tid vera ryddige for hindringar høgare enn 0,5 m over kjørebanen.  
I samband med framføring av vegar må det gjerast minst mogleg inngrep i terrenget.  
Evt. fyllingar må få ei god landskapspleie.

5. SAMS FØRESEGNAR.

- § 7 Eksisterande vegetasjon i planområdet bør vernast så langt som råd er.
- § 8 Ved handsaming av byggjesaker skal bygningsrådet sjå til at bygningane får ei god form og at det vert brukt kvalitetsmessige gode materialer.
- § 9 Det er serlege grunnar talar for det, kan bygningsrådet innanfor ramma av bygningslova og bygningsvedtektene gjera mindre vesentlege unntak frå planen og reguleringsføresegnene.

5520 Sveio, 28. mars 1998.

Rev. I 13. oktober 1998.